



MÅLBRUKSPLAKAT - ØYGARDEN KOMMUNE

Dok. ref.
09/2601-3/K1-003//JOM

Dato:
22.09.2010

Alle kommunalt tilsette skal bruka nynorsk i tenesta: i saksutgreiingar, plandokument og kunngjeringar. Særleg viktig vert språkbruken i alle typar eksterne dokument. Me skal ha tankar for lesaren når me skriv: språket skal vera enkelt, klart og brukarvenleg - og byggja på nynorske rettskrivingsreglar.

Andre generelle retningsliner for språkbruk i Øygarden:

- ordleggingsmåten er viktigaste reiskapen for å få eit flytande og lett språk.
- skriv norske ord i staden for framandord, så sant det let seg gjera.
- skriv ei personleg form. Unngå det *ein*. Bruk heller me/vi eller eg.
- ver konsekvent : bruk t.d. enten a- eller e-infinitiv; ikkje begge delar
- bruk høfleg form når dette er naturleg ut frå innhald og mottakar.

Tiltak for å betra språkbruken i Øygarden:

- gje tilbod om kurs og rettleiing i nynorsk språkbruk.
- i utlysingar av ledige stillingar skal det stå at administrasjonsmålet er nynorsk.
- oppdatert nynorsk ordliste og fornorskingsordbok er tilgjengeleg for alle skrivande tilsette
- oppdaterte språkverktøy i kommunale teksthandsamingsprogram
- fagetatane gjer seg kjende med den nynorske terminologien på sine fagfelt.
- materiell som vert sendt ut til innbyggjarane skal vera språkleg kvalitetssikra.
- skjema, blankettar, malar og liknande skal vera på nynorsk.
- biblioteket har eit godt og tilgjengeleg utval av nynorsk litteratur.
- kommunen vil samarbeida med organisasjonar og næringsdrivande o.a. i lokalsamfunnet for å auka bruken av nynorsk i lysingar, marknadsføring, skilting o.a..

Det vert elles vist til www.sprakradet.no . Her finn du m.a. ei kort administrativ ordliste bokmål - nynorsk, og mange andre råd om nynorsk språkbruk.

